



Melding

Dato: 15.03.2017
Arkivsak: 2014/11266-26
Saksbehandlar: snowaag

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Regional plan for Hardangervidda - Rammer for rullering

Hordaland, Telemark og Buskerud fylkeskommunar samarbeider om Regional plan for Hardangervidda. Alle dei tre fylkeskommunane vedtok rullering av denne planen i sine regionale planstrategiar for inneverande periode.

Ambisjonsnivå:

Dette er ein rullering, og arbeidet skal ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Arbeidet skal bygge på gjeldande plan. Rulleringa skal ta opp til vurdering ein del problemstillingar som vart definert allereie i slutfasen av gjeldande plan, problemstillingar som har oppstått etter vedtak og problemstillingar som lokale og regionale aktørar ser behov for å belyse.

Aktørar i planprosessen:

- Hardangerviddarådet er styringsgruppe. Den er politisk og bredt samansett.
- Administrativt kontaktutval (medlemmer frå same instansar som styringsgruppa) skal følge planprosessen tett. Gruppa deltar i styringsgruppemøter og gjennomfører egne arbeidsmøter etter behov.
- Buskerud fylkeskommune tek på seg prosjektleiinga gjeve fordeling av kostnader for prosjektet.
- Alle tre fylkeskommunar har minst eit medlem i administrativt kontaktutval. Alle er forplikta til å følge prosjektet tett og bidra med sin kompetanse inn i prosessen etter behov.
- Fylkesutvala i dei tre fylkeskommunane skal
 - vedta høyring og offentleg ettersyn av planprogram.
 - slutthandsame planprogrammet
 - vedta høyring og offentleg ettersyn av planforslag
- Fylkestinga skal slutthandsame og vedta planen.

Kostnader og finansiering:

Prosjektleiinga vert anslått til 70% årsverk, fordelt over to år.

Sama kostnadsramme:

Formål	Sum	Merknad
70% stilling	630.000	fordelt på 2017 og 2018

Drift (kontor, møter mm)	140.000	fordelt på 2017 og 2018
Utgreiingar, plankart mm.	330.000	Konsulentoppdrag
SUM	1.100.000	

Kostnadsfordeling:

Hordaland fylkeskommune	350.000
Telemark fylkeskommune	350.000
Buskerud fylkeskommune	350.000
Hardangerviddarådet	50.000
SUM	1.100.000

Hordaland fylkeskommune og Telemark fylkeskommune vil overføre sine deler til Buskerud fylkeskommune. Buskeruds del vert tilført prosjektet i form av omdisponering av egne tidsressursar.

Kostnadsbidraget frå Hordaland fylkeskommune er forankra i fylkeskommunen sitt eige budsjett, gjennom planseksjonen (Regionalavdelinga) sitt budsjett for regional planlegging, prosjekt 10006 – «Regionale planar for villreinområde».

Det er venta at alle aktørar i styringsgruppe og administrativt kontaktutval får dekkja sine kostnader til reise og opphald ved møter av arbeidsgjevar. På same måte må tidsforbruket dekkjast av eigen arbeidsgjevar.

Tidsramme:

Planarbeidet vert gjennomført i løpet av 2017 og 2018. Trulig med politisk sluttvedtak våren 2019.

Førebels framdriftsplan:

Planarbeidet har moglegheit for å komme raskt i gang, då styringsgruppa i form av Hardangerviddarådet allereie er etablert. Det same gjelder administrativt kontaktutval.

Det bør bli lagt opp til eit enkelt planprogram, men det vil likevel krevje tid på grunn av prosesskrav.

Hovudinnsatsen av arbeidstid bør ligge i planfasen, frå hausten 2017 til hausten 2018. Detaljer om framdrift vert endelig avklart i planprogrammet.

<i>Tid</i>	<i>Oppgåve</i>	<i>Aktørar</i>
13. mars 2017	Oppstartsmøte i Hardangerviddarådet	Styringsgruppe (og administrativt kontaktutval)
April/mai	Arbeidsmøte(r) om planprogram	Administrativt kontaktutval
Juni	Handsame forslag til planprogram	Styringsgruppe (og administrativt kontaktutval)
August	Vedtak om høyring og offentlig ettersyn av planprogram. Kunngjering av planarbeid	Fylkesutvala
Oktober	Drøfte innspel til planprogram	Styringsgruppe (og administrativt kontaktutval)
Oktober/november	Vedta planprogram	Fylkesutvala
November 2017-haust 2018	Planprosess: Brede prosesser i dialog med kommunar, interessegrupper og fagmiljø.	Prosjektleder, styringsgruppe og administrativt kontaktutval i tett samspill med kvarandre og med eksterne aktørar.
Haust 2018	Høyring av plan	
Vinter 2018/2019	Slutthandsaming	Fylkestinget